



**Referanser:**

Dykkar:  
Vår: 22/193 - 22/12084

**Saksbehandlar:**

Ann Kristin Bolstad  
ann.kristin.bolstad@vaksdal.kommune.no

**Dato:**

08.12.2022

## Referat frå møte i ungdomsrådet 7. desember 2022

**Til stades:** Regine Kydland (leiar), Emma Bolstad Farestveit (nestleiar) Vegard Gullbrå Tollefsen, Jenny Solhaug, Ina Pettersen, Nathalie Angelica Mo Lilletvedt, Eivin Berntzen Bolstad (vara for Sigrid Tvedt)

Frå administrasjonen møtte Ann Kristin Bolstad (kommunalsjef oppvekst og kultur)

**24/2022**

**Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innkalling og sakliste vert samrøystes vedtatt

**25/2022**

**Godkjenning av referat frå møte 27. september 2022**

Referat vert samrøystes vedtatt

**26/2022**

**Medverknad og innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel**

Ungdomsrådet gjennomførte ein innspelsprosess saman med samfunnsplanleggar Knut Trefall.

**27/2022**

**Tildeling av budsjettmidlar 2022**

Det er kom inn tre søknadar om støtte til arrangement

Juleball ved 10. årsteg, Dale skule

Nattcup i fotball for ungdomssteget, FAU Dale skule

Skuletur for 10. årsteg, FAU Dale skule/foreldrekontakt 10. årsteg

Ungdomsrådet drøfta søknadane og gjorde følgjande fordeling og vedtak:

Juleball ved 10. årsteg, Dale skule kr. 10 000,-

Nattcup i fotball for ungdomssteget, FAU Dale skule kr. 5 000,-

Skuletur for 10. årsteg, FAU Dale skule/foreldrekontakt 10. årsteg kr. 10 000,-

I alle svara på søknad vert det understreka frå ungdomsrådet vert det understreka at pengane skal brukast til arrangement/aktivitet der alle kan delta.

**28/2022**

**Prioritering av søknadar til Bufdir – tilskot til inkludering av barn og unge 2023**

Det er kome to søknadar som ungdomsrådet skal uttale seg om som første og andre

**Post**

post@vaksdal.kommune.no  
Konsul Jepsensgt. 16, 5722 Dalekvam

**Kontakt**

www.vaksdal.kommune.no  
Telefon +47 56 59 44 00

**Konto**

Org.nr. 961 821 967

prioritet. Søknadane er frå Stanghelle idrettslag og Inn på tunet, Norge.

Ungdomsrådet drøfta vedtek følgjande prioritering:

1. prioritet Stanghelle idrettslag
2. prioritet Inn på tunet, Norge

**29/2022**

**Økonomi- og handlingsplan 2023–2026 Budsjett 2023**

Ungdomsrådet tek saka til orientering.

**30/2022**

**Gratis skulemåltid i skulane i Vaksdal**

Ungdomsrådet er samrøystes om å støtte alternativ 3: Gratis skulemåltid vert innført på 8. - 10. årsteg, 3 dagar i veka. AO-senteret driftar ordninga på Dale skule, medan Eksingedalen oppveksttun driftar ordningar sjølv. Skulane får tilført dei ekstra ressursane dette vil koste.

Med helsing

Ann Kristin Bolstad  
Kommunalsjef oppvekst og kultur

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*